



Hordaland fylkeskommune  
Fylkesrådmannen

Dato: 27.06.2018  
Vår ref.: 2017/2682-114  
Saksbehandlar: mernord  
Dykkar ref.:

## **Søknad om ekstra midlar til dialogmøte med Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane angående samslåing av fylkeseldreråda i Hordaland og Sogn og Fjordane**

Som ei følgje av at dei to fylka Hordaland og Sogn og Fjordane frå 2020 skal bli til eitt fylke, Vestland, vil også fylkeseldreråda i dei to fylka blir slått saman til eitt fylkeseldreråd.

Både fylkeseldrerådet i Hordaland og fylkeseldrerådet i Sogn & Fjordane er opptekne av å kunna vera med i prosessen fram til samanslåinga. Vi ønskjer å kunna møtast for å koma med innspel om korleis det samanslåtte fylkeseldrerådet kan setjast saman og anna aktuelt i samband med samanslåinga. Vi ser det slik at det er viktig at vi kan bruka resten av året 2018 og året 2019 til å førebu oss på den nye situasjonen. Det vil vera naturleg, synest vi, å møtast "over bordet" og at møtestaden blir lagt slik at utgiftene blir likeleg fordelt.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjent med at Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane har søkt Sogn og Fjordane fylke om midlar til slike dialogmøte.

Fylkeseldrerådet i Hordaland søker om midlar til å kunna møta Fylkeselderådet i Sogn og Fjordane til dialogmøte i 2018 og 2019 før samanslåinga av fylka.

Venleg helsing  
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Kåre Ystanes  
Leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*